**Sakshandsamar:**
**Karina Nerland**
Tlf: 57 65 25 60
**Vår ref.**
**20/254-10**
**Arkiv**
**026 &17**
**Dykkar ref.**

**Dato**
**07.09.2020**

SOGN REGIONRÅD

# Møtereferat 2.9.2020
# Rådmannsgruppa i Sogn regionråd

| | |
|---|---|
| **Føremål:** | Møtereferat |
| **Møtetid:** | 2.9.2020. -Kl 11.00-14:30 |
| **Stad:** | Sogndal kommunehus |
| **Referent:** | Karina Nerland |
| **Møteleiar:** | Steinar Søgaard |

| **Faste deltakarar** |
|---|
| **Namn** |
| Gunn Lerøy (Lærdal), Kjellaug Brekkhus (Høyanger), Stig Stark-Johansen (Årdal), Ellen Njøs Lillesvangstu (Sogndal), Jarle Skartun (Luster), Steinar Søgaard (Aurland), Øistein Søvik (Vik) og Karina Nerland, dagleg leiar Sogn regionråd |
| **Forfall** |
| Kjellaug Brekkhus (Høyanger) |
| **Andre** |
| Darek Hauderowicz, GIS-koordinator Sogn regionråd |

**AGENDA**

| Nr | Sakliste | Ansvarleg |
|---|---|---|
| 1 | **Godkjenning av innkalling sakliste.** | |
| 2 | **Referat frå sist møte 12.6.2020**<br>Ingen spørsmål eller kommentarar | |
| 3 | **Samlingsbasert deltidsutdanning i sjukepleie**. Notat frå hvl av 14.8.20 var utsendt til møtet.<br>Info om status:<br>• Interesserte tilsette fekk info om studiet frå høgskulen og støtteundervisninga (norsk og matematikk) på eit nettmøte i juni<br>• Støtteundervisning i matematikk og norsk starta 20.8. i Sogndal<br>• Om lag 15-20 interesserte frå hausten 2021 i Sogn.<br>• 16 studieplassar for Sogn frå hausten 2021, tilsvarande i dei to andre regionane – totalt 48 i Sogn og Fjordane<br>• Kompetansetilskot (kr 300 000) frå Helsedirektoratet til kjøp av undervisning frå fylkeskommunen og fornyingsmidlar til prosjektleiing (kr 150 000)<br>• Rådmannsgruppa sender innspel til høgskulen om at deltidsutdanninga bør leggjast til Sogndal<br>• Det blir sendt samla tilbakemelding til høgskulen om aktuelle kandidatar innan fristen 1.10.2020, jf notat | Stig/Steinar<br><br>Karina |

Postadresse:
**Postboks 153**
**6851 SOGNDAL**
Telefon:57652500
Telefaks: Org.nr:
Bankgiro: 3705.39.85867
922121893

e-post: postmottak@sogndal.kommune.no

| | | |
|---|---|---|
| | **Psykolognettverk – koordinatorfunksjon**<br>Jf rapport av januar 2019 om regionalt samarbeid og nettverk for psykologar. Regionen har no tilsett 4 kommunepsykologar. Helge Ulvestad blir leigd inn i ein startfase for å få i gang det regionale nettverket. Formålet er at nettverket skal bli ein god arena for erfaringsdeling og samhandling. Fornyingsmidlar (kr 250 000 i 2019) finansierer denne funksjonen<br><br>**System for styrka læring – arbeid med plan for vidareføring av programmet**<br>Ny programplan blir tema i den regionale leiarsamlinga (barnehage og skule) i oktober. Innspel om at det blir gitt ei vurdering om korleis følgje opp endringane om kompetansemidlar (dekom og rekom).<br><br>**Sogn for alle**<br>Prosjektet er godt i gang; Kartlegging i kommunane som grunnlag for prioritering /tiltak i prosjektet. Mentorprogrammet startar i september.<br><br>**Kompetansebehov i arbeidslivet**<br>Regionen har gitt innspel til fylkeskommunen som grunnlag for dimensjoneringa 2021-2022. Samarbeider med Hardanger neste år.<br><br>**Kommunenett**<br>Nokre kommunar sagt opp, nokre bruker kommunenettet heilt eller delvis. Kan vera aktuelt for enkelte kommunar å inngå avtale med fylkeskommunen. Rådmannsgruppa ønskjer synspunkt frå IKT-faggruppa. | Karina<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Karina |
| 4 | **Folkehelseforum Vestland – medlemsinvitasjon**<br>Invitasjon frå fylkeskommunen og mandat var sendt ut til møtet.<br>Regionråda i Sogn og HAFS vert inviterte til å dele på eit medlem.<br>Orientering om kontakten med HAFS. Sogndal kommune stiller med ein tilsett til folkehelseforum.<br>Rådmannsgruppa sender innspel der dei ber fylkeskommunen vurdera ein kandidat frå kvar region. | Karina<br><br><br>Ellen<br><br>Stig/ Steinar |
| 5 | GIS-arbeidet ved Darek Hauderowicz, GIS-koordinator i Sogn regionråd<br>**-«Kvalitetsheving av data for kommunale gebyr» - KomTek – SIMAS og kommunane**<br>Innspel i møtet:<br>Behov for å retta matrikkelen, gjeld særleg for bygg frå før 2010<br>Lovverket styrer endringar i Matrikkelen<br>Komtek-brukarar, byggesakshandsmarar og SIMAS møtest i oktober for å gå gjennom prosedyre for å heve kvaliteten på registreringa.<br>Saka blir teke opp att i rådmannsgruppa i november.<br>**-Befolkningsanalyse**<br>Tilgjengeleg på kommunekart.com. Fri tilgang ut året.<br>**-Adresseprosjektet status**<br>Arbeidet pågår.<br>Presentasjon er lagt ved. | <br>Karina |
| 6 | -**Administrativ støtte for rådmanns- og næringsnettverks-samarbeidet jfr tidlegare drøftingar**<br>Rådmannsgruppa ønskjer 20% administrativ ressurs frå nokon som er tett på den kommunale drifta. Det blir laga eit utkast til kva som skal ligge i funksjonen.<br>Næringsnettverket ønskjer eit fellesprosjekt for å samordna innsatsen i regionen. Jf sak i sist rådsmøte. | <br>Ellen |

| | | |
|---|---|---|
| | **-Miljøretta helsevern –** Status og vegen vidare. Auka frå 1 til 2 stillingar. Kan presentera seg i seinare møte.<br>-**IKT-samarbeid** – mogleg utvida samarbeid?<br>Informasjon frå Digi Vestland er sendt til kommunane.<br>Finansieringsordninga Digifin er etablert for at kommunane kan utvikla digitale fellesløysingar regionalt og nasjonalt.<br>-**Samarbeid om vakt/beredskapstenester –** jfr oppspel frå Sogndal sist møte. Notat til neste møte.<br>-**Korona, samarbeid om beredskapstiltak**<br>-**Status diverse interkommunale avtalar**: SIMAS har ferdig selskapsavtalen, Sogn brann og redning arbeider med avtalen. Spørsmål om framdrift for dei andre avtalane. Konklusjon: Det blir gjennomgang av avtalane i neste møte.<br>-**Sogn regionråd sitt arbeid inn mot budsjett 2021**: I påvente av ny avtale og avklaring om administrative kostnader og husleige blir deflator lagt til i budsjettramma for 2021.<br>-Vik informerte om kontakt med Sogn næring om samarbeid. Spørsmål om Sogn barnevern. | Ellen<br><br>Steinar<br><br><br><br><br>Ellen<br><br><br>Ellen<br><br><br><br>Karina |